

Særvilkår

Særskilt avtalte vilkår i tillegg til Standard kraftleveringsavtale

Prisendring ved ekstraordinære forhold

I samsvar med § 3-2 kan Standard variabel kraftpris som hovudregel berre endrast med 14 dagars varsel. Ved ekstraordinære forhold: ved rasjonering eller for eksempel i situasjonar kor styresmaktene (OED/NVE/Statnett mv., jfr. forskrift av 7.5.2002, "Forskrift om systemansvaret i kraftsystemet") har oppretta/opprettar egne prisområde for å påverke kraftsituasjonen/kraftflyten i den retning dei ønskjer, lokalt, regionalt eller nasjonalt mv., gjeld imidlertid ikkje denne 14 dagars varslingsfristen.

Finnås Kraftlag kan i slike tilfelle beslutte at kundane straks, og utan særskilt varsel, skal betala den prisen som vert fastsett av styresmaktene, eller om så ikkje skjer, den aktuelle marknadsprisen som tar utgangspunkt i Nord Pools spotkraft i det aktuelle prisområdet. Med marknadspris meiner ein gjennomsnittleg veid marknadspris pr. mnd + påslag + avgifter.

Kundane skal på eigna vis varslast så snart råd er om den overføringa som har funne stad. Ei eventuell overføring av kundane til marknadspris gjeld inntil Finnås Kraftlag erklærer at kundane vert førte tilbake til den opprinnelege avtalen etter at situasjonen har normalisert seg igjen.

Ved rasjonering gjeld forøvrig forskrift av 17.12.2001, "Forskrift om planlegging og gjennomføring av rekvisisjon av kraft og tvangsmessige leveringsinnskrenkningar ved kraftrasjonering".

Kommentar:

Bakgrunnen for denne særlege bestemmelsen skuldast i hovudsak at styresmaktene si hensikt med ovannemnde tiltak, er at auka kraftprisar skal medføre reduksjon i forbrukarane sitt straumforbruk og/eller betre kraftbalansen og kraftflyten nasjonalt eller regionalt. Dersom hovudregelen om 14 dagars varslingsfrist ved prisendringar vert oppretthalden i dei situasjonar som er nemnd over, vil styresmaktene sitt verkemiddel for å redusere kraftforbruket eller betra kraftbalansen, neppe slå inn slik dei ønskjer.

§ 3-2, andre avsnitt, første setning utgår, og vert erstatta med følgjande:

Ved vesentlege prisaukingar skal slikt varsel verta gitt direkte til kunden dersom kunden på førehand har informert Finnås Kraftlag om at han ønskjer det, og samstundes forpliktar seg å betala dei stipulerte gjennomsnittlege meirkostnadane som eit slikt direkte varsel medfører. Prisendringar som er varsla på eigna måte, gjeld uansett både for dei kundane som har rett på direktevarsel og de øvrige.



